

Referat frå møte i Moster Sokneråd

9.april 2024 kl.19:00

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Hans Magne Nesse Stokka, Elisabeth Jacobsen, Nils Otto Espeland, Gerda Bondø, Arthur Anglevik, Aksel Lygre og Elisabeth Gjøsæther Løkling.

Sak 33 – 2024 Godkjenning av møtebok frå 12.03.2024 og innkalling

Vedtak: Møtebok og innkalling godkjend.

Sak 34 – 2024 Oppfølging av tidlegare saker

***Registrering av nytt sokneråd og overføring av mynde til ny kasserar.**

Kasserer får eit minibankkort knytt til soknerådet sin brukskonto. Kvar står saka?

Informasjon: Saken er uendra. Avsluttar denne saken da Hans Magne har funnet alternativ løysning. Kan ta saken inn igjen om det blir behov.

***Kyrkjemusikalsk utval: Kvar står saka?**

Saken er uendra. Forslag frå AU om å slå saman gudsteneste- og kyrkjemusikalsk utval. Desse utvala heng saman og kan være lettare å få folk interessert og engasjert. Trenger folk som er litt ivrige og engasjerte. Fint med bredde av dei som er med. Bør ha med nokon frå kyrkjekoret. Sokneprest er med pr. definisjon. Kanskje også nokon frå klokkear teamet.

Vedtak: Opprettar et felles utval basert på det over. Ca. 5 stk. Prøver å få dette på plass før neste sokneråd. Aksel tar dette vidare.

***Kandidatar til klokkearstillinga**

Me har tre kandidatar, som AU presenterer.

Klokkearstillinga blir nå omgjort til et klokkearteam. Kandidatane er : Camilla Rubach, Rune Sivertsen og Elisabeth Gjøsæther Løkling.

Vedtak: Disse personane spilles inn frå soknerådet til fellestrådet.

***Temakveld 14.mars. Evaluering.**

Korleis skapa større oppslutting, engasjement og begeistring?

Kan innhaldet være for lite? Meir musikk? Tidspunkt midt i uka kan være vanskeleg?

Ca. 40 stk. møtte. Ikkje så lett å finne et tidspunkt som passer for alle. Viktig å ta omsyn til bedehusa. Må vera flinke til å reklamere for dette (del og lik).

Bør det opprettast ein arrangementskomité for 2025? Pr i dag er det Aksel og AU som bærer mye av dette (i jubileumsåret).

Vedtak: Soknerådet opprettar ein komité i august 2024. Held fram med torsdagar. Bør ha med et musikalsk innslag i tillegg til sjølve temaet.

***Evaluering av KN-aksjonen 19.mars**

Betre førebuingar, rodene bør fordeles betre. Nokon fekk dobbelt besøk og andre ingen. Kanskje gitt meir informasjon til konfirmantane på forhånd. Noko ekstra pengar kom inn til soknerådet (300kr). (Venter på Vipps beløp for å vite heile summen).

Vedtak: Soknerådet anbefaler å gi info på konfirmantsamlinga før aksjonen.

***Konfirmantfest**

Informasjon: 11 stk. har meldt seg på så langt. Mogleg det blir ca. 50 stk. Nils Otto har kontroll på maten og har sjekka med Kiwi angående mat (tatt utgangspunkt i 120).

Jone og Ingvild stiller som verter. Rune og Arthur er også med. Øystein blir med på det musikalske. Aksel leder? Evt. med andre frå soknerådet?

***Nattverdmedhjelparar**

Me treng 4. Kvar står saka?

Informasjon: Fått med Nils Otto Espeland, Anne Britt Grindheim, Jakob Andre Vedøy.

Sak 35 – 2024 Samtale med diakoniutvalet

Forslag til vedtak: Saka vert utsett til neste møte 7. mai, då diakoniutvalet ikkje har rukke å møtast. (Møte i morgon).

Sak 36 – 2024 Jubileumsgudsteneste – og helg.

Biskopen har takka nei til invitasjonen. Me må elles byrja planlegginga meir detaljert for desse dagane tidleg nok.

Vedtak: Invitasjonen er sendt til embetet. Soknerådet anser at det er embetet som følger opp og finner erstatning for biskopen (mogleg det kan være domprosten). Aksel tar kontakt og undersøker.

Involvere kantor Øystein Skullerud. Kanskje prosjektkoret kan være med også (dette må på plass så fort som mogleg). Kallar inn det nye utvalet (sjå sak over) for å sjå nærmare på dette. Sikter på møtet i juni.

Soknerådet ber TOL ta opp dette på neste møte de har.

Sak 37 – 2024 Personell i samband med felleskristent pinsestemne 19.mai i Moster amfi – me treng 5 personar

Oppgåver: Parkeringsvakter / kyrkjevert / ta imot og sjekke billetter.

Gunnvald er satt opp som kyrkjevert. Solveig, Nils Otto, Gerda og Elisabeth har også sagt seg villig.

Vedtak: Soknerådet har nå 5 stk. som kan stille (alle frå soknerådet).

Sak 38 – 2024 Frå tiltaksplan: Rekruttere ungdom som medarbeidarar og leiarar og gje dei leiartrening.

Aksel har snakket med konfirmantane om dette. Fått invitasjon til å være med i diverse arbeid her i kyrkjelyden. Finnes allereie Laget på skulen som kunne blitt inkludert. TOL? Diakoni? Bibelgruppe som fortsette året etter? Kyrkjevert? Godhetsdag? Ungdomsråd?

Vedtak: Konfirmantane inviterast til å være med i vidare arbeid i kyrkjelyden (gjøres på vårparten). Soknerådet oppfordrar TOL til å også ta opp saken. Aksel og en/to personar tar saken om ungdomsråd og kursing vidare.

Forslaget/vedtaket er at Aksel, Marta og en til frå TOL lager et forslag og presenterer dette for soknerådet.

Sak 39 – 2024 Oppfølging av årsmøte: Ta grep i ein vanskeleg økonomisk situasjon

Vedtak: Gjennomgang av dette utsettast til neste møtet. Hans Magne og Gunnvald forbereder denne saken til neste møte i mai.

Sak 40 – 2024 Oppfølging av årsmøte: Produksjon av hefte/bok om nytt orgel.

Vedtak: Går inn for at dette heftet blir laget og ber kontor om å organisere dette.

Sak 41 – 2024 Oppfølging av årsmøtet: Vertskap og leing av husgrupper for konfirmantane

To samlingar vår / to samlingar haust. Trenger nokon som kan holde disse samlingane heime hos seg. Trenger to heimar og gjerne nokon ekstra ressursar som kan hjelpe til. Kunne det vært et samarbeid med Salem og bedehus(a)?

Vedtak: Soknerådet ber TOL å finne folk som kan stille opp på dette. Er det andre som forslag, kom med namn.

Sak 42 – 2024 Referat og meldingar

Programkomité for 150-årsfeiringa: Går som planlagt. Info kommer fortløpande.

Orgelkomiteen: Snart i mål.

Trusopplæringsutvalet: Intet nytt.

Kyrkjemusikalsk utval: Egen sak under ymse.

Diakoniutvalet: Intet nytt.

Estlandskomiteen: Planleggar sommarleir og diverse.

Felleskristen komité 1000 år: går som planlagt. Trenger overnattingsplassar.

Fellesråd og administrasjon: Vært en uformell samling sidan sist. Noko fokus på økonomi og dugnadsgjeng(er).

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre: Gunnvald: konsert i helga: musikalsk kveld. De som opptrer får jubileumsbok. Aksel blir involvert / leder. Gunnvald er kyrkjevert samen med fleire.

Sak 43 – 2024 Ymse

- **Melding frå Øystein Skullerud om hjelp på søndag:**

Få esker vekk frå kyrkjerommet.

Vedtak: Møtes en gjeng på fredag klokka 19 for å rydde. Hans Magne, Gunnvald, Arthur og Rune stiller.

Slagverk (paukar) må fraktast frå Bremnes til Moster og tilbake.

Vedtak: Hans Magne ordnar bil. Avtales med Øystein / Øystein.

Det kommer en gjeng frå Stavanger. De trenger påsmurt mat når de kommer og mat vidare i programmet. Vedtak: Øystein Lund Olafsen ordnar dette. Aksel gir han beskjed.

Plakatar må henges opp (om de ikkje allereie er hengt opp).

- **Konfirmasjonsplanlegging (11. og 12. mai).**

Vedtak: Aksel sender ut info osv.

- **7. mai -> 9. mai er det orgelinvtasjon**

Vedtak: Nærmare beskjeder frå Øystein / orgelkomiteen. Gunnvald tar kontakt med Øystein.